

Menneskesynet – premissleverandør i all samhandling¹

Vigdis I. Lysne

Menneskesyn

Det menneskesynet ein har vil alltid vere avgjerande for korleis ein opptrer i samhandling med andre menneske. Og det synet ein har på kva det er å vere barn vil vere avgjerande for korleis ein som vaksen opptrer i relasjonane til barna. Dersom ein for eksempel ser på barn som ufullstendige vaksne som skal og må påverkast på ein bestemt måte – oppdragast – for å bli ”gagns menneske” – som ein på 70-talet, med tilvising til *Mønsterplan for grunnskulen*, gjerne kalla det – så vil det avspegle seg i den måten ein møter barna i daglegdagen.

All kunnskap, all teori – det vere seg innan psykologi, pedagogikk eller sosiologi – vil altså bygge på det menneskesynet som den enkelte har, og dette vil ”snike seg fram” i all mellommenneskeleg samhandling. Difor kan det vere svært fruktbart å kikke litt nærare på dette grunnlaget: kva menneskesyn ein hevdar å ha, og kva implikasjonar dette har for den konkrete kvardagen. Dette er spørsmål som i første omgang høyrer heime i filosofifaget – med sin logikk, etikk og erkjeningsteori. I neste omgang vil eg også dra inn psykologifaget.

¹ Dette er den første av to artikler, som tematisk henger sammen. Den andre artikkelen bringes i *Barn* nr. 4 2002 (red.).

Likeverd

Det finst ikkje noko haldbart argument for at nokre menneske er meir verdt enn andre. Det går ikkje an å argumentere for slaveri, kvinneundertrykking eller rasisme utan å gjere vald på denne enkle grunnregelen: *som menneske er me alle like mykje verdt*. Me er *likeverdige*. Dette er utgangspunktet for drøftingane mine.

Erfaringsmessig er også dette standpunktet – at menneske er likeverdige – noko som mange vil slutte seg til. Men ofte er det slik at *konsekvensane* av denne erkjenninga likevel ikkje alltid er like klare. Eg vil difor her prøve å gjere reie for nokre av dei følgjane dette standpunktet har for den mellommenneskelege relasjonen mellom vaksne og barn, dersom ein faktisk skal ta utgangspunktet på alvor².

Dersom ein ikkje deler opp arten *menneske* i to deler – der den eine delen (dei vaksne) er meir verdt enn den andre delen (barna), vil ein måtte vere einig i at også *barn* er *menneske* – og at dei difor er likeverdige med alle andre menneske. Det er ikkje mogeleg å gå imot denne påstanden utan å vikle seg inn i argument som ikkje har med saka å gjere: *likeverd*. Eit slikt – usakleg – motargument vil være at barn er umyndige og ute av stand til å ta vare på seg sjølv (fullt ut). Dette er rett nok, men det rokkar ikkje likeverdstanden. Eit anna poeng er at dette også er eit av dei argument som tradisjonelt er blitt brukt for å rettferdiggjere slaveri og anna undertrykking.

Likestilling

Spørsmålet blir så om det er slik at sidan barn ikkje er *likestilt* med vaksne vil samhandlinga mellom barn og vaksne måtte vere grunnleggjande annleis enn i andre mellommenneskelege forhold? Eg meiner *nei*. Det er nesten alltid skilnad på kva makt aktørane i ein relasjon har, og det er ofte skilnad på kunnskapsnivåa til aktørane. I tillegg er det også ofte stor forskjell på grad av myndigheit (evne og rett til å råde over seg sjølv). Eksempel kan vere forholdet mellom pasient og lege, mellom sjef og tilsett,

² Det finst filosofar i den tyske tradisjonen (f.eks. Apel) som hevdar at det er mogeleg å bevise at menneske er likeverdig. Men føremålet med arbeidet mitt er ikkje å finne ut om dette er mogeleg, men å klargjere kva implikasjonar som følgjer av eit utgangspunktet som hevdar at *menneske er likeverdig*.

eller mellom kva ekspert som helst og ein som søker råd og vegleiing. Det er regelen, heller enn unntaket, at menneske i ein relasjon ikkje er likestilt – eller *like*. Likevel er dei likeverdige.

Det er ikkje makt eller kunnskap eller sjølvråderett som gjev eit menneske sin verdi. Menneskeverdet får ein frå det faktum at ein er eit menneske. Det er medfødd og er ikkje noko ein skal gjere seg fortent til gjennom moralsk oppbygging eller ferdigheitsmessig og kunnskapsmessig utvikling. At den eine aktøren i eit forhold har meir makt gjev han ikkje rett til å behandle den andre med manglande respekt – anten den andre er eit barn, ein slave (eller underordna) eller ein tvangsinnlagt psykiatrisk pasient. I det først og siste tilfellet har aktøren med *makt* ein juridisk rett til å bestemme over den andre. Men utøver han denne makta på ein utilbørleg, respektlaus måte skal han misse den juridiske retten han har til å råde over den andre. Det faktum at dette ikkje alltid skjer etter intensjonane skal eg late liggje her. Poenget er at eit utgangspunkt der menneske er likeverdige er det einast logisk mogelege – ulike maktforhold endrar ikkje på dette. Det at det finst mange som ikkje behandlar andre som likeverdige endrar heller ikkje på det.

Vondskap

Eg vil no gå omgrepet *vondskap* litt nærare etter i saumane. Dette er viktig av fleire grunnar. For det første fordi vondskap er så mykje meir enn berre dei intenderte vonde handlingane – slik at ein faktisk kan utøve vondskap utan å tenkje over det. For det andre er *vondskap* noko dei fleste menneske set i samanheng med *dei andre* si åtferd – ikkje si eiga. For det tredje vil (ufrivillig) vondskap vere ein av følgjene dersom ein ikkje vil ta inn over seg dei implikasjonane som følg av menneskesynet: *alle menneske er likeverdige*.

Desse aspekta ved fenomenet vondskap kan ha store konsekvensar for samhandlinga mellom menneske i alle relasjonar, og dette vil eg no prøve å klargjere³. Med utgangspunkt i eksempel på ekstrem vondskap utført av *vanlege* menneske i *uvanlege* situasjonar, vil eg prøve å gje eit bile

³ Eg tek utgangspunkt i Lars Svendsens bok *Ondskapens filosofi* (2001) i handsaminga av omgrepet *vondskap*.

Kva er vondskap?

Ein kan skilje mellom fire former for vondskap:

1. *Den demoniske vondskapen*: dette er å gjere det vonde *fordi det er vondt*. Denne typen vondskap er svært ekstrem, og lite utbreidd.
2. *Den instrumentelle vondskapen* handlar om aktørar som gjer noko vondt, vel vitande om at det er vondt, for å oppnå noko som dei vurderer som godt – altså for å oppnå eit mål, f.eks. rikdom.
3. *Den idealistiske vondskapen* er kjenneteikna ved at aktørane gjer noko vondt i den tru at det er godt – eit eksempel på dette vil vere hekseprosessane.
4. *Den dumme vondskapen* er kjenneteikna av at aktørane handlar utan å tenkje over om det dei gjer er vondt eller godt. *Dumheit* tyder her ikkje *manglande intelligens*, men *manglande refleksjon*.

Vondskap har tradisjonelt vore definert som den første typen – å gjere det vonde *fordi det er vondt*. Ved å gje omgrepet *vondskap* ein så snever definisjon, transporterer individet skuld bort frå det erkjennande subjektet: *eg er ikkje vond*, for eg gjer ikkje det vonde *fordi det er vondt*. Slik blir *vond* noko som *andre er*, ikkje eg. Kva som i ulike samanhengar er definert som ”vondt” og ”godt” vil i stor grad vere kulturbestemt. Men i alle tilfelle vil desse definisjonane vekse ut av det menneskesyn som ligg i botnen i kulturen. For eksempel har vår kristne kulturarv tradisjonelt gitt oss den visdom at *den ein elsker tuktar ein tidlig*. Menneskesynet er her bygd på den tradisjonelle tolkinga av arvesynda: mennesket er fødd syndig og med ønskje og vilje til å gjere det vonde. Dette vonde må tuktast ut av ”mindreverdige grupper” i det aktuelle samfunnet: barn, kvinner, husmenn, slavar, indianarar, negrar, samar... – for at det gode skal få ein plass i dei og for at dei slik kan bli ”gagns menneske”. Det ein kultur definerer eller har definert som ”bra” kan slik, sett utifrå eit anna menneskesyn, vere eksempel på *idealistisk vondskap*.

”Det vonde” er nesten aldri å finne i gjerningsmannens sjølvbiletet. Det vonde vert tillagt offeret – som er provoserande, truande eller på anna måte skuld i at eit valdeleg overgrep fann stad, f.eks. fordi han er *grunnleggande vond* og av den grunn *treng* tukt. Valden blir på denne måten ei god gjerning. Gjerningsmannen meiner å ha *gode* motiv, fordi offeret er *vondt*, og fordi det er *mindreverdige*. Dette ser ein i forhold der den eine parten vert mishandla: *det var ho som provoserte meg – det er hennar skuld at eg slår, for når ho gjer slik og slik, så svartnar det for meg...* Og

ein ser det i barnemisshandlingssaker: *eg må jo banke litt vett i skallen på han... eg skal nok få lært henne å vise respekt for eldre folk...* Dette for å nemne noko.

Men dette – å definere seg sjølv som *god* og den andre som *vond* – er eit forsøk på å unngå den erkjenninga som ligg snublande nær: menneska er ikkje delt i to grupper der den eine er ”gode menneske” og den andre er ”vonde menneske”. Alle menneske er *gode* og *vonde*. Å late vere å ta inn over seg denne erkjenninga gjer det mogeleg å sjå bort frå eigen vondskap, og det vil altfor ofte også føre til at ein med dette utgangspunktet blir ein utøvar av *dum vondskap*. Dersom ein er fullstendig overbevist om at ein er ”god” – *vil det gode*, har *gode intensjonar* – er det heller ikkje naudsynt med synderleg refleksjon. Eller, tvert om, refleksjon kan true denne erkjenninga av ein sjølv som ”god”. Og, som filosofen Lars Svendsen (2001:213) poengterer:

Menneskehetens største problem er ikke så mye et overskudd av aggresjon som et underskudd av refleksjon. (...) Egoismen ligger til grunn for langt færre drap og overgrep enn den ureflekterte, uegennyttige hengivelsen til ”høyere” formål.

Problemet med *den dumme vondskapen* er altså at den *ikkje reflekterer*, og den kjem difor heller ikkje i følelsmessig relasjon til den andre – den andres behov står ikkje fram som relevante. Eit slåande eksempel på *dum vondskap* overfor barn vil vere når den vaksne hersar med barnet for å ”lære det” at det ikkje skal plage dei som er mindre. I sitt ekstreme så ser det slik ut: mor fikar til poden og seier *eg skal lære deg å slå dei som er mindre enn deg!* Dette eksempelet står fram som grimt og *ulogisk*, etter som mor gjer nettopp det ho forbyr guten å gjere sjølv. Dersom ei slik åtferd skal kunne framstå som konsistent, så må det vere forskjell på *barn* og *folk*. Dei fleste formene for *dum vondskap* er likevel langt meir subtile – men ikkje nødvendigvis mindre ille – enn dette eksemplet.

Felles for alle typar vondskap er at vondskap ikkje tek omsyn til den andre sitt *menneskeverd*. Difor er det også felles for all vondskap at den dehumaniserer den andre ved f.eks. å ta frå den andre alle individuelle kjenneteikn og med det gjere han til ein del av ein større, likegyldig masse. Vondskapen deler menneska inn i *oss* og *dei andre*. *Me* er då dei moralsk gode, og *dei* er dei vonde. Dette rettferdiggjjer den idealistiske vondskapen, og den dumme vondskapen: det er ikkje naudsynt å tenkje meir på saka –

for den er opp og avgjort. Som den tyske nazisten Höss⁴ (Svendsen 2001:150) seier:

Hvorvidt denne masseutryddelsen av jødene var nødvendig eller ikke, var ikke noe jeg kunne tillate meg å danne noen mening om, for jeg manglet det nødvendige vidsynet.

Dersom ein ikkje ser på barn som unike, likeverdige individ, men plasserer dei i den store og anonyme gruppa *barn* – så dehumaniserer ein desse barna. Og dersom ein blindt føl råd frå meir eller mindre kompetente fagfolk, eller berre ”gjer som alle andre” – utan å tenkje, utan å føle, utan å stille spørsmål – så kan ein fort komme til å gjere seg skuldig i den same feiltakinga som Höss. Ein endar som utøvar av *dum* og *idealistisk* ondskap. For ondskap er ikkje noko som *var* under krigen eller *er* langt borte – kort: hjå dei andre. Ondskap finst over alt og til alle tider – og i større utstrekning der menneska ikkje er villig til å ta innover seg dette faktumet, og heller vel å transportere det bort frå seg sjølv – til *dei andre*. Og dette er eit svært viktig apropos i den tida me no lever i – med terrorfrykta etter 11. september 2001 hangande over oss. Der me opplever at Saddam Hussein og George Bush sine uttalingar er så hoggande like at ein må *vite* kven som har sagt kva for å skilje dei frå kvarandre. Og der ein kan høyre norske soldatar som skal til Afghanistan uttale at deira liv er meir verdt enn motstandarden sitt – *fordi eg kjempar for det gode*⁵.

Vanlege menneskes ondskap i uvanlege situasjonar

Hannah Arendt er kjend for sitt arbeid kring nazisten Eichmann i krigsoppgjeret etter andre verdskrigen. Hennes konklusjon er at Eichmanns gjerningar tilhøyrrer *den dumme vondska*pen – kjenneteikna ved fråveret av refleksjon, av mangelen på innsikt i kva han gjorde. Arendt gjev dette nemninga *den banale vondska*pen. Ein kan lett finne andre eksempel frå andre verdskrigen, samt bl.a. frå Vietnam, Serbia, Rwanda og Israel. Det som går igjen er at det er fullt mogeleg for vanlege menneske å gjere seg skuld i ekstrem ondskap når forholda innbyr til det. Det viser seg også at sjølv om ei gruppe menneske i ein krigssituasjon får tilbod om å sleppe å vere med f.eks. å skyte uskuldige, utan å risikere straff, er det berre omkring 10-20 % som vil velje å ikkje delta. Det er også gjort mange studiar

⁴ Ikke å forveksle med en av nazilederne, Rudolf Hess (red.).

⁵ NRK radio, intervju i nyheitssending august 2002. Sitert etter hukommelsen.

omkring historia til menneske som gjer slike ting, utan at ein har funne au-ka valdstendens hjå desse menneska verken før den aktuelle krigssituasjonen eller etterpå. Det er rett og slett eit uomtvisteleg faktum at menneske som handlar etter ordre er i stand til å gjere dei mest hårreisande ting. Amerikanaren Stanley Milgrams eksperiment i 1960 er eit velkjend døme på dette⁶.

Nokre av desse menneska vil angre bittert resten av livet på det dei har gjort. Andre, som Eichmann, blir i den banale, dumme vondskapen livet ut og innser aldri at dei djupast sett har ansvaret for eigne handlingar, likegyldig om andre fortel dei kva dei skal gjere eller ikkje. Desse menneske føler seg ikkje skuldig: *for eg er ikkje slik, eg gjer ikkje noko gale. Eg er tvert om flink – eg føl ordre og gjer det eg får beskjed om. Dei føler seg ikkje skuldig – dei legg i det heile ikkje vekt på følelsane, berre på det sosiale regelverket som dei er opplært til å følgje. Dette har vidtrekkande konsekvensar, også i meir daglegdagse situasjonar enn ein krigstilstand.*

Konformisme

Konformismen er ei sterk kraft hjå mennesket. Problemet oppstår når kravet om, og behovet for, konformitet blir så stort at menneska i ei gruppe sluttar å vere enkeltindivid, når dei sluttar å tenkje sjølv, sluttar å ta ansvar for eigne tankar, haldningar og standpunkt. Erfaring viser at menneske som i ein situasjon definerer seg som deltakar i ei gruppe, i denne situasjonen vil tenkje svært lite sjølvstendig. Å høyre til i ei gruppe er knytt saman med fråveret av tenking, individualitet og ansvar – ein folkemasse har ikkje *samvit*. Dette ser ein i alle ”grupper”, også fredelige samanslutningar som lag og foreiningar: *eg har ikkje noko ansvar for å få ting gjort, eg veit vel ikkje kva me skal gjere, eg har ikkje tid – nokon andre må ...*

Herifrå er vegen over i den tankelause, dumme vondskapen skremmande kort – for her er det nok med *ein gal mann* for å få svært mange menneske til å gjere grusame ting i eit ufatteleg omfang. Nazismen under Hitler er sjølv sagt eit slåande døme på dette. Men ein treng ikkje gå så langt, verken tilbake eller herifrå, for å finne døme på dette: fotballmobben

⁶ I dette forsøket vart vanlege menneske invitert med på å delta i eit fiktivt forskingsforsøk. Oppgåva deira var å påføre ein forsøksperson elektrisk støyt med aukande styrke dersom den svare gale på spørsmål han fekk stilt. Forsøksleiarane gav seg ut for å vere helsepersonell. Dei formidla autoritet gjennom klede, åtferd ol. Dei fleste som uvitande deltok i prosjektet gav forsøkspersonen straumdosar som ville vore dødeleg i ein verkeleg situasjon. Dette trass i at forsøkspersonen skreik i smerte og sa dei ville trekke seg frå eksperimentet, og at spakane var merka med noko i nærleiken av ”fare – dødeleg dose”. (Sjå for eksempel Blass 2000.)

fungerer på denne måten, og det gjer også herskarane i skulegarden – dei som plagar dei svakaste elevane. Denne hangen me menneske har til å ville *høyre til* gjer at det er lettare å *vere med* i mobbegjengen enn det er å stå utanfor. Det er lettare å *vere med* enn å stå imot, sjølv om ein ikkje får anna ”straff” for å stå utanfor enn at ein nettopp ikkje *er med*.

Eg vil tru at den hangen me menneske har til å samle oss om ein leiar, gå i flokk, ikkje tenkje sjølv, har vore svært så nyttig i tidlegare tider, og at den difor nok er foredla fram av evolusjonen. I steinalderen var det neppe særleg heinsiktsmessig med lange, demokratiske handsamingar av ”utan-rikspolitiske spørsmål” – når for eksempel ei fiendtleg stamme var på veg i full fart over åsen. Samkøyrde grupper med ein sterk leiar som alle følgde når det ”stod om” var vel dei gruppene som hadde best odds for å overleve.

Me er altså moderne menneske i steinalderkroppar. Me har hang til å samle oss i grupper der me føl flokken og sluttar å tenkje sjølve. Dette fører til mange uheldige konsekvensar som får enorme dimensjonar i eit moderne samfunn: noko av det som var ”revolusjonerande” med Holocaust var *effektiviteten* i dei gruvsame handlingane. Det var det som gjorde jødeutryddingane til noko som verda ikkje hadde sett maken til før – men dessverre har fått sett altfor ofte etterpå.

Tenking som mottiltak

Eit forslag frå filosofisk hald (Svendsen, Arendt og Kant) til ”mottiltak” mot vondskapen, er *tenking*. Tenking, ikkje for å etablere abstrakt kunnskap, men for å gje oss evne til å *dømme*. Arendt hevdar at dersom evna til å skilje rett frå gale er knytt til evna til å *tenkje*, så må ein kunne *krevje* at folk tenkjer. Å tenkje vert definert som: 1. å tenkje sjølv, 2. i tankane å setje seg sjølv i den andres stad, 3. å tenkje konsistent. Kant (Svendsen 2001:177) seier:

Opplysning er menneskets vei ut av dets selvforskylte umyndighet. Umyndighet er den manglende evnen til å bruke sin egen forstand uten ledelse av en annen. Selvforskyldt er denne umyndighet når dens årsak ikke ligger i mangel på forstand, men på beslutning og mot til å bruke egen forstand uten ledelse av en annen. *Sapere aude!* Ha mot til å bruke din egen forstand! er altså opplysningens valgspråk.

Eichmann og Höss brukte ikkje sin eigen forstand – dei følgde *Føraren*. Adorno (Svendsen 2001:177) hevdar at det einaste middelet mot det prin-

sipp som dreiv Auschwitz er *autonomi*, ”kraften til refleksjon, til selvbestemmelse, til ikke-å-samarbeide (*Nicht-Mit-machen*)”. Utfordringa blir slik å *stå imot* hangen til å gå i flokk, til å følgje ordre – og samtidig å *utvikle* individualiteten. Svendsen (2001:174) skisserer forholdet mellom individualiteten og det allmenne ved å dele inn i *ansvar* og *interesse*:

Det individuelle skal ikke være en fastholdelse av mine individuelle interesser, men av mitt individuelle ansvar, og det allmenne skal ikke være en delegering av mitt ansvar til noen utenfor meg selv, men snarere handle om ivaretagelse av allmenne interesser.

Slik skal forholdet mellom individualiteten og det å høyre til i det allmenne, i gruppa, optimalt sett vere. Spørsmålet blir altså: korleis oppnår ein dette? Svendsens svar er for det første at *tenking* er ei motkraft til vondskap, ettersom mykje vondskap veks ut av *manglande tenking* eller *feilaktig tenking*, med utgangspunkt i eit forkjært menneskesyn. For det andre at det er nødvendig å erkjenne at *dei vonde* ikkje (berre) er *dei andre*, det er også *oss* – alle gjer det vonde i større eller mindre grad, av den eine eller den andre grunnen. Erkjenninga av eigen vondskap er ei føresetnad for å kunne tøyse den. Så langt – så godt: men der sluttar også Svendsens bidrag. Han har ingen innspel omkring *korleis* ein skal oppnå dette: korleis få folk til å tenkje, korleis få menneska til å innsjå, ta inn over seg, integrere i sitt moralsystem – at ansvaret er individuelt, men interessene er allmenne. Arendts forslag: *å krevje at folk tenkjer* er jo interessant. Men eg må innrømme at – kor freistande det enn måtte vere å prøve – eg ser ikkje for meg at det vil *verke*.

Barna som ”dei andre” – offer for idealistisk og dum vondskap

Barn har tradisjonelt blitt utskilt som *dei andre*. I eldre tid her i landet, og mange stader i verda enno i dag, inneber det at barn vert definert som mindreverdige individ som har behov for tukt og manipulasjon, straff og irettesetting for at det skal *bli folk av dei*. I Noreg i dag er det forbode å slå barn. Men fråver at fysiske overgrep, i den grad lova vert etterlevd, borgar ikkje åleine for likeverdig samhandling. Barn er fødde som eineståande individ, med evne og vilje til å inngå i relasjonar frå første dag – dei er ikkje *dei andre*. Dei skal ikkje tukkast og manipulerast, rosast og straffast i passelege dosar og intervall for at det skal *bli folk av dei*. Barn er allereie folk. Og dersom me ønskjer at barna våre skal vekse opp til å bli reflekterte vaksne som er i stand til å *tenkje sjølv*, som har ei erkjenning om at dei er gode og

vonde, og som har eit menneskesyn me vil slutte oss til – og som veks opp med mogelegheit til å oppleve eit lukkeleg liv – då må me byrje med å sjå på kva forhold me har til desse barna. Dersom me ønskjer at barna våre skal bli i stand til å sjå andre menneske som *individ* så må me starte med å handsame desse barna som dei eineståande individa *dei er*:

Hvis intolerante grupper er ute av stand til å betrakte dem de forakter som individer, kan det være fordi intolerante grupper ikke er i stand eller er villige til å betrakte seg selv som individer.⁷

Barn lærer i den skulen dei går. Blir dei respektert for sin eigenart, oppfordra til å tenkje sjølv og ta ansvar for det dei aldersmessig er mogne til frå første dag, vil dei ha mogelegheit til også å sjå at andre menneske er individuelle individ. Dei vil ha større mogelegheit til å *tenkje sjølv* – fordi dei alltid, eller i det minste ofte, har fått lov til å gjere det, og til å *setje seg i den andres stad* – fordi dei har fått vere på *sin stad* først. Motsett vil barn som ikkje vert handsama som eit individ, men som eit *objekt* (altså ein *ting*, ikkje eit menneske, ein person) for oppdraging – der dei vaksne ser det som si oppgåve å *få folk* av dei – ikkje ha den same mogelegheita til å oppfatte seg sjølv, og dermed andre, som *individuelle individ*. Dersom det vert kravd frå barna gjennom heile oppveksten at dei skal vere stille og gjere som dei får beskjed om – lære seg respekt for autoritetar – er det vel ikkje så merkeleg om dei går i flokken etter *Der Führer* når dei veks til? Mangel på indre autoritet gjer at menneske gjerne vil ha ein ytre autoritet å støtte seg til. Og indre autoritet kan ein berre hente *frå* seg sjølv dersom ein *er* seg sjølv.

Endring av menneskesynet

Som me har sett: menneskesynet i kulturen, og hjå det enkelte menneske i samhandling med andre, vil vere avgjerande for korleis ein opptrer. Idealistisk vondskap veks fram når ei gruppe menneske blir skilt ut som *dei andre*. *Dum vondskap* finn ein der folk ikkje tenkjer, men vel å gjere som ”alle andre”. Utfordringa er å gå imot gruppeanonymiteten og over mot meir individualitet. Løysinga ligg altså i at alle byrjar å ta ansvar både for seg sjølv og alle andre, samstundes som alle set andre menneske sine behov og interesser minst like høgt som sine egne. Er me så komen noko lenger, el-

⁷ Michael Ignatieff, sitert i Svendsen, 2001, s. 127. Ignatieff har gitt ut fleire verk om krig og etikk.

ler er me berre ved ei anna blindgate enn den Arendt stoppa ved? Skal me *krevje* at alle byrjar å handsame andre menneske med respekt? Ei hake ved tradisjonell etikk er at den feilar i si overtydingskraft andsynes *kvifor ein skulle ha interesse i å følgje den*. Å vere dydig eller prektig eller moralsk – eller noko anna fint – er ikkje spesielt motiverande for den vanlege mann og kvinne.

Spørsmålet blir: dersom det ikkje er slik at barn frå starten er individuelle individ som skal handsamast deretter, med rett til f.eks. å tenkje sjølv – *når* skal ein i så fall, med Arendt, *forlange* at folk byrjar å tenkje? *Når dei byrjar i barneskulen? Når dei blir konfirmert? Frå dei er vaksne og myndige?* Dette er ei umogeleg problemstilling. Og den er umogeleg fordi utgangspunktet for den er feil – den bygger på eit menneskesyn der ikkje alle menneske er likeverdige. Barn er her skilt ut som *dei andre* – med det idealistiske formål å gjere folk av dei. *Folk* er nemleg dei du kan *krevje* skal reflektere – og det kan du ikkje krevje frå eit lite barn. Dette er etter mi meining idealistisk vondskap, og åleine grunn nok til å prøve å endre på denne praksisen.

Det å byrje med vaksnes forhold til barn kan dessutan vere ein måte å kome nærare det målet at *alle* skal handsame kvarandre med den respekten eit anna menneske fortener. Det vil i beste fall føre til at det i neste generasjon er langt fleire som vil seie *nei* dersom dei får ”tilbod” om å vere med å skyte ned sivile i ein borgarkrig, eller om å vere med å plage den mest pinglete guten i klassen. Prosessen er i gang: det er vanleg å vise barn langt meir respekt i dag enn berre for få ti-år sidan. Likevel er det enno langt igjen før det naturlege utgangspunktet i *all* samhandling – likegyldig kva alder og storleik aktørane har – er at menneske er *likeverdige*. For å komme dit krevst ein grunnleggande endring av menneskesynet.

Og for å oppnå det trengst (ny) kunnskap om *kva det vil seie å vere eit menneske*. Men kunnskap, læring, informasjon er berre det første steget i ein endringsprosess (Dalai Lama, i Cutler 1999.) Det neste steget er å utvikle *overtydning* – dette veks ut frå kunnskap dersom den gjev innsikt i at endring er ønskeleg. Denne overtydinga fører i sin tur til at ein utviklar *besluttsomheit*, og neste steget er å gjere beslutninga om til *handling*. Til saman krev denne prosessen – for at ein faktisk og reelt skal oppnå endring – at ein gjer ein *innsats*.

I alle tilfelle må denne innsatsen ha sitt utgangspunkt i eit teoretisk fundament – ettersom *tenking*, og dermed *evne til å dømme*, er avhengig av dette. Det er vel ein god eigenskap å vere *snill*, men, som me har sett – det er ikkje åleine nok til å hindre at vondskapen florerer. Det teoretiske fun-

damentet må springe ut frå fleire fagfelt, deriblant filosofi – med etikk og erkjenningsteori, og psykologi.

Utgangspunktet mitt er at *alle menneske er likeverdige*. Dersom ein vil ta dette på alvor impliserer det at ein må vere villig til å sjå på sin eigen rolle i samspelet med andre menneske – også barn. Likeverdstanden fordrar at ein ikkje går i fella til den *dumme vondskapen* eller *den idealistiske vondskapen* – men vågar å reise seg mot hangen til konformitet, og prøver å ta utfordringa om å *tenkje sjølv*. Likevel er heller ikkje dette – å tenkje sjølvstendig – heile svaret dersom ein ønskjer ei likeverdig samhandling med andre menneske. Kvifor det er slik vil eg ta for meg i *del 2* av denne artikkelen.

Litteratur

- Blass, T., red. 2000. *Obedience to Authority: Current Perspectives on the Milgram Paradigm*. Mahwah, N.J: Lawrence Erlbaum Associates.
- Cutler, H.C./Dalai Lama. 1999. *Kunsten å være lykkelig. En håndbok i å leve*. Oslo: Arneberg Forlag.
- Svendsen, L.Fr.H. 2001. *Ondskapens filosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Vigdis I. Lysne
Slåttnes
N-9100 Kvaløysletta, Norge
e-post: vigdis@aamoaku.no